



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om uttak av vatn og regulering av Dam Skipavika i Gulen kommune

Statsforvaltaren meiner at vasslokaliteten som skal regulerast bør kartleggjast, mellom anna som grunnlag for å kunne vurdere eventuelle avbøtande tiltak.

Bakgrunn

Føremålet med tiltaket er å nytte ferskvatn til landbasert produksjon av laksefisk. Det skal byggjast ein dam, og planområdet skal demmast ned. Det skal etablerast eit nytt overløp mot nord, gjennom eit parti med myr, og det nye bekkeløpet skal steinsetjast ned til Sandvågen. Det er planlagt vassuttak på 1,04 m³/min og 9,5 meter reguleringshøgde (HRV = 25,0 moh. og LRV = 15,5 moh.).

Tjernet som skal regulerast ligg i det regulerte industriområdet for Skipavika næringspark. Den nye tilkomstvegen for industriområdet går like inntil magasinområdet på vestsida. Både tjernet som skal demmast opp, og myrdraget mot Sandvågen, er omkransa av naturtypelokaliteten «Midtbøfjell», som er ei kystlynghei med verdi svært viktig (A).

Eigenvurderinga i søknaden er at tiltaket vil føre til store inngrep som vil endre naturen i området permanent. Tiltaket er samla sett vurdert til å få liten negativ konsekvens. Omtale og vurdering av naturmiljøet er basert på eksisterande kunnskap frå Naturbase.no og Artsdatabanken.no, og i hovudsak fagrapportar knytt til reguleringsplan for Skipavika næringspark og ny veg mellom Skipavika og Brandangersundbrua.

Våre merknader

I høyringsfråsegna vår 6.2.2018 til reguleringsplanen understrekte vi at konsekvensane for fisk og artar i ferskvatn måtte greiast ut i detalj i konsesjonssaka for vassuttaket. Vi konstaterer at denne vasslokaliteten ikkje er kartlagt. Konsekvensvurderinga i søknaden, og fagrapportane det er vist til, alle er baserte på eksisterande informasjon frå Naturbasen og Artskart.

Tjernet som skal regulerast er ein av fleire små ferskvasslokalitetar i området. Fallet på elvestrekninga mot sjøen gjer det umogleg for sjøauere å vandre opp i vassdraget. Ifølgje konsekvensrapporten er det ikkje oppgang av ål, men det er ikkje vist til undersøkingar eller lokal erfaringsbasert kunnskap. Det er ikkje kommentert om tjernet har verdi for amfibium og insekt. Ut



frå lokaliseringa, og kjent artsmangfald frå andre små ferskvasslokalitetar på Sandøyna, kan tjernet ha ein funksjon som artsrikt refugium for amfibium, insekt og andre artar med livsstadium i ferskvatn.

Vår vurdering er at reguleringa og vassuttaket dermed truleg kan få noko konsekvensar for vasstilknytt naturmiljø. Det vil vere ønskeleg å få kartlagt lokaliteten for å få dokumentert eventuelle verdiar, og som grunnlag for å kunne vurdere om skaden på vassfaunaen kan reduserast gjennom avbøtande tiltak.

Med helsing

Gry Walle
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK